

# VINDAFJORD SKOGEIGARLAG

Agnar Naustdal  
Tlf. 41242262  
E-post: [agnar@bondejuss.no](mailto:agnar@bondejuss.no)

Dato: 28.02.2023

Til ordføreren i Tysvær, Haugesund, Karmøy, Bokn, Etne og Sveio.

## **SØKNAD OM TILSKOT TIL UTVIDING AV UTBJOA TØMMERKAI.**

Eg viser til brev av 28. mars 2022 til dei ovanfor nemnde kommunane om søknad om tilskot til utviding av tømmerkaien på Utbjoa.

Det vert i dag levert tømmer frå kaiar i Vikedal, Yrkje, Gismarvik og Utbjoa. Kaien på Yrkje reknar vi med vert nedlagt som tømmerkai. Bruken av kaien på Gismarvik kostar skogeigar i dag kr. 70,11/kbm. Lastekostnader frå ei utvida Utbjoa tømmerkai reknar vi med vil kome på kr. 20.-/kbm. Redusert kaileige vil gje skogeigar ein tilsvarande auke i det han får betalt for levert tømmer.

Prosjektet går ut på utviding av eksisterande kai med 25m kaifront til totalt 60m og er kostnadsrekna til kr. 10.000.000.- medrekna utbetring av eksisterande kai. Det er tenkt finansiert med egne midlar, stønad frå landbruksdirektoratet, fylkeskommunen, kommunar på Haugalandet og i Sunnhordland, egne midlar og låneopptak i AT-skog og Nortømmer.

Det er krav om endring av gjeldande reguleringsplan med rapportar om støy, forureining og verneverdig vegetasjon før direktoratet kan handsame søknad om tilskot. Vidare er det krav om løyve frå Statsforvaltaren etter reglane i § 11 i forureiningslova. Søknad om reguleringsendring med nødvendige rapportar er sendt Vindafjord kommune og er under handsaming. Søknad om løyve etter forureiningslova er sendt statsforvaltaren i Rogaland.

Reduserte utskipingskostnader som følgje av utviding av Utbjoa tømmerkai kan vere avgjerande for økonomien i drift og avverking av skog på Haugalandet og i deler av Sunnhordland. Ut frå nytteverdien av kaiutvidinga for skogeigarane i dekningsområdet er det søkt om tilskot frå Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Bokn, Sveio og Etne. Summane er sette opp ut frå stipulert kubikkmasse skog den einskilde kommune. Søknader om stønad er som følgjer.

Vindafjord kr. 300000.-, Tysvær kr. 300000.-, Haugesund kr. 200000.-, Karmøy kr. 100000.-, Bokn kr. 50000.-, Etne kr. 150000.- og Sveio kr. 150000.-.

Vindafjord kommune har 27. august 2022 gjort vedtak om å løyve kr. 300000.- til utviding av Utbjoa tømmerkai på vilkår av tilskot frå Landbruksdirektoratet. Søknadsfristen til direktoratet er 25. april. Eg ber derfor om snarleg sakshandsaming.

Eg legg ved uttale frå Kystskogbruket - Rogaland Skognæringsforum, Vindafjord kommune, Nortømmer, Statsforvaltaren, Etne kommune, AT Skog og Haugaland Skogeigarlag.

Vindafjord Skogeigarlag,

Agnar Naustdal (s)